
Fra: Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>
Sendt: 19. april 2018 15:26
Til: postmottak@sveio.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no;
post@tysnes.kommune.no; epost@odda.kommune.no;
postmottak@ullensvang.herad.no; postmottak@eidfjord.kommune.no;
postmottak@voss.kommune.no; postkasse@fusa.kommune.no;
postmottak@samnanger.kommune.no; postmottak@os-ho.kommune.no;
Postmottak Austevoll; postmottak@sund.kommune.no;
postmottak@askoy.kommune.no; Postmottak Vaksdal; Postmottak
Modalen; Postmottak Meland; postmottak@oygarden.kommune.no;
Postmottak Radøy; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden
kommune
Emne: Rydding i bruksnamn i matrikkelen
Vedlegg: Rettingsliste for bruksnamn i Hordaland.xlsx

Til matrikkelføreren i dei kommunane det gjeld

Til hausten er det planlagt ei samankopling for bruksnamn mellom matrikkelen og Sentralt stadnamnregister (SSR). Då vert matrikkelklienten hjå kommunane sperra for endringar av bruksnamn, og endringar skal frå det tidspunktet berre skje via SSR. Endringa er m.a. ein konsekvens av at Kartverket er vedtaksmynde for bruksnamn, jf. § 5 tredje ledd i lov om stadnamn, og har vore planlagt lenge.

Det er ein del feilregistreringar i bruksnamn i matrikkelen frå tidspunktet då namna vart lagde inn i GAB. På grunn av den samankoplinga som snart skal skje, tek me no kontakt med dei einskildkommunane det gjeld, og be om at de rettar opp nokre slike feilregistreringar no på førehand.

Eit av dei viktigaste problema er at både gards- og bruksnamnet i somme kommunar er ført i bruksnamnfeltet, og ikkje berre bruksnamnet. Dette er ein feil som kom inn då bruksnamna vart skrivne inn i GAB frå gamal grunnbok, der overskrifta på kvar bokside var <gardsnamn> - <bruksnamn>. Somme av dei som skreiv namna inn i GAB mistydde dette, og skreiv difor inn både delar. Dette vil me no rydda opp i, slik at berre bruksnamnet vert ståande i dette feltet.

I samband med ryddinga i dei namna dette gjeld, har me òg gjort nokre andre mindre rettingar i somme namn, som korrigerering av skrivefeil, oppløysing av forkortingar og retting av stor/liten bokstav m.m., sjå vedlagd liste.

Det går fram av kolonnen «kommunenr» kva for nokre bruk som ligg i dykkar kommune. Bruksnamna skal skrivast slik dei står i kolonnen «Endring til».

Kartverket bed kommunane gå gjennom den vedlagde lista og retta dei bruksnamna som me har ført opp for dykkar kommune innan 20. mai. Det er fint om de sender ei tilbakemelding til underskrivne når jobben er gjord. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Med venleg helsing



Erlend Trones

namneansvarleg region vest
Eigedomsdivisjonen
Tlf.: 32 11 86 43
Epost: erlend.trones@kartverket.no

Tlf. Kartverket: 32 11 80 00
www.kartverket.no